

Opplevingar
på og ved



ANGVIK

GAMLE HANDELSSTED

Siden 1599

Midt i fjordane,
fossane
og øyane sitt rike.



Museet Handelshuset Angvik

Besøk museet som fortel ei historie frå seint på 1500-talet da hollandske seglskuter kom inn fjorden til Angvik for å kjøpe opp tømmer. Med dette som bakteppe startar ei unik familiesoge om John og Gurianna og dei 14 barna deira. John var gründeren som viste veg for barna sine inn i gardsdrift, sal og kjøp av skogeiendom, handel og industri. Saman med kona Gurianna fekk han fram ein flokk som sprudla av kreativitet og skaparevne, der 12 av dei 14 barna starta egne verksemdar. Familiesoga spring ut av eit lite bygdesamfunn i 1881 og er soga om sterke personlegdomar som både samarbeidde, konkurrerte og var i sterk konflikt. Med utgangspunkt i denne historia er Angvik Gamle Handelssted i dag eit hotell som framleis blir drive av familien, og som har budd og virka i bygda i 13 generasjonar.

Ein kan besøke museet etter avtale med hotellet. Det er også høve til å bestille guide og aperitiff, ofte brukt ein time før middag.

Galleriet Tore Bjørn Skjølsvik

Her vil ein møte historia, livet og verka til ein av dei fremste kunstnarane i landet, med røter frå Angvik. Skjølsviksamlinga inneheld ca. 85 kunstverk: bronseskulpturar, gipsskulpturar og oljemåleri. Sjå eige hefte og bok om kunsten og kunstnaren. Desse kan du få kjøpe.

Ein kan besøke galleriet etter avtale, evt i kombinasjon med guide og aperitiff.

Kunsten i hotellet

I hotellet er det ei samling av nasjonalromantiske oljemåleri, signert av kjente kunstnarar. Samlinga inneheld nær 50 bilde frå 1800-talet, og ein kan sjå dei i ulike fellesrom og gjesterom i hotellet. Sjå eige hefte.

Fabrikksgaga

Angvik Møbelfabrikk vart grunnlagt i 1906 med sagbruk og kraftverk. Fabrikksgaga viser eit sagbruk slik det stod da drifta vart avslutta på 1960-talet. Her er ei historie om skogsdrift i Angvik. Elv, skog og sag var grunnlaget for busetting og utvikling i bygda. I tillegg finn ein dokumentasjon om båtbyggjartradisjon med tre utstilte båtar, der den eine er ein kyrkjebåt frå 1850.

Ein kan besøke Fabrikksgaga etter avtale med hotellet, med eller utan guide.

Angvik Elektrisitetsverk

Elva som renn gjennom Angvik, gav liv til bygda og har heilt sidan 1500-talet gitt vasskraft til sagbruk, kverner og vasshjul. Etter introduksjonen av elektrisiteten vart ho ei kjelde til moderne kraftproduksjon. I 1912 vart elektrisitetsverket etablert. Kraftverket representerte ein revolusjon i den vesle bygda av to grunnar. For det første gav det kraft til ein moderne industri, og for det andre endra det kvardagen til folk ved at private hushaldningar fekk tilgang på straum så tidleg.

Den gamle kraftstasjonen er i dag ein del av «Museet Handels- huset Angvik». Han er no under restaurering, og ein planlegg opning hausten 2022, 110 år etter starten.

Badehuset Spa

Eit unikt spa ligg i det gamle stabburet frå 1700-talet, som er bygt saman med ein nyare del. Her finn ein både ein massasje-/behandlingsdel og ei velværeavdeling med badstuer, varmtvassbad og avslappingsrom.

Badehuset vart kåra blant ti på topp i det internasjonale bladet *Great Spa*.

Aldersgrense.

Badeplassar

Ein kan bade ved hotellet.

Vil du kjenne sand mellom tærne, er det ei bitte lita sandstrand tett ved badehuset.

Badestranda dei fleste i bygda brukar, Øran, ligg ved Fabrikksaga, ca. 5 min å gå, og er ein del av hotellet sitt område.

Båtar og sykklar

Ro ein færing og fiske i fjorden. Ein kan låne båt, kano, redningsvestar og fiskeutstyr. Ein kan også leige båt med påhengsmotor.

Lån av sykklar for ein rundtur i bygda eller bygdene omkring. Lån på eige ansvar og aldersgrense.

Treningscenter

Gjestene på hotellet har fri tilgang til treningscenteret som ligg i Næringsparken. Det er ca. 5 min å gå langs Strandstien. Ta kontakt med resepsjonen for kode og kort.

Jakt og fiske

Gjemnes kommune er ein av dei rikaste hjortekommunane i landet. Hotellet disponerer eit større område for jakt på hjort, elg og rådyr. Etter avtale er det mogleg å bestille jakt. Hotellet har eigen jaktgarderobe og samarbeider med *Øre Vilt* for levering av eventuelle felte dyr. Jaktansvarleg ved hotellet kan leigast som guide.

Utanom fjordfiske og fiske i fleire fjellvatn, er det høve til laksefiske i elvene Eira, Driva og Surna med fleire etter nærare avtale.

Angvik Bedehus. «Fjordkapellet»

Det 100 år gamle bedehuset er enkelt og genuint.

Huset er framleis i bruk, tidvis til gudsteneste, men det blir også brukt til giftarmål, dåp og konsertar. Du kan låne nøkkel på hotellet for ei stille stund i det sakrale rommet. Næraste kyrkje i Gjemnes kommune er Øre kyrkje, ca. 20 min med bil.

Forslag til korte turar

1. Vandre langs **Strandstien** frå hotellet over til Næringsparken og sjå på eit yrande fugleliv. Følg stien opp til butikken og vidare på bygdeveggar på kryss og tvers i bygda.
2. **Nessahammaren**. Ta av til venstre frå butikken langs hovudvegen, ta av til høgre ved skilta skogsveg. Følg skogsvegen til lunningsplassen. For ein litt lengre tur, følg sti vidare til **Tortlia**, 4,9 km tur/retur. For ein litt lengre tur: Gå same veg til lunningsplassen der skogsvegen sluttar, følg skilta sti til høgre opp til **Storfjellet** som ligg ca. 596 meter over havet. Denne turen er 4,7 km tur/retur.
3. **Reinsfjellet** 994 moh. over havet. Kort køyretur med bil og grei parkering. Gå på grusveg til toppen.
4. **Åbakkfjellet**. Naturreservat. Ein tur i vakker natur med rikt fugle- og dyreliv. 6,2 km tur/retur.
5. **Skiløypene på Osmarka**. 10 min med bil. Her er snørikt, og det er fine oppkørte løyper vinterstid. Besøk også «Stortolla», Noregs største bartre, ca. 8 km tur/retur å gå.
6. **Flemsetervatnet**. Turen startar frå Flemsetra. Rundtur på sti 3,5 km.
7. **Brubekken gardsmeieri**. Garden Brubekken er driven etter agro-økologiske prinsipp. Garden har støl, og om sommaren skjer produksjonen på setra i Torbudalen ved Aursjøen. Sesongvis sal av ulike ostar, kvit og brun, smør, rømme og kjøt. Det er også sal av produkta og andre lokale produkt i Eidsvåg sentrum i «Bestas bakeri».
8. **Tingvoll**. Båttur rett over fjorden eller 1 t og 20 min med bil.
 - Besøk Tingvoll kyrkje som er ei 900 år gamal mellomalderkyrkje
 - Tingvoll museum
 - Hellemåleri frå eldre steinalder
 - Økopark
 - Tingvollst
9. **Neset prestegard**. Kjent som barndomsheimen til Bjørnstjerne Bjørnson. Her er museum og kultursenter som består av 9 freda bygningar. Du finn helleristingar på Buggestranda, 10 min køyretur unna i særskilt vakker natur. Fine turar i området: Bjørnsonstien, Prestneset, Prestaksla, Meisalfjellet og Eidsvågtraversen.
10. **Øksendal, Brandstad**. Brandstad er utgangspunkt for fleire turar, også toppturar og vårskiturar.
11. **Surfing og kiting**. Opplev vind og vêr på sjøen i Flemma. Her er ideelle forhold for surfing og kiting. Det blir også halde kurs, og ein kan låne/leige utstyr.
12. **Stikk ut**. Sjå kart av året.

Lengre utflukter med bil

1. **Byane Molde og Kristiansund og bygdebyen Sunndalsøra.**
2. **Atlantehavsvegen** midt mellom Molde og Kristiansund. På vegen kan ein besøke **Håholmen**, der det også er matserving.
3. **Aursjøvegen.** Rundtur med bil inn Eikesdalen, langs vatnet og over fjellet til Sunndalsøra via Aursjøen. På vegen passerer ein **Mardølafossen**, som er Nord-Europas høgste fossefall, og som renn fritt om sommaren. Aursjøvegen er ein spektakulær fjellveg med krappe svingar og flott natur. Ca. 3 timar å køyre.
4. **Trollstigen/Trollveggen.** Dramatisk natur i underkant av 2 timar å køyre frå hotellet. På vegen passerer ein Isfjorden med vakre fjell på alle kantar.
5. Øybesøk til **Grip**, eit lite, autentisk fiskevær. Båtrute frå Kristiansund.
6. **Innerdalen**, «Noregs vakraste dal». 1 time med bil, deretter 1 time å gå, 3,5 km på grusveg. Her er det matserving på to hytter i sesong.
7. **Topptur.** Det er mogleg å gå fleire toppturar i området. Ein av dei høgste toppane er Skjorta 1711 moh. Frå Jordalsgrenda og Kannadalen/Eresfjord kan ein køyre på fjellveg. Vegen frå Jordalsgrenda blir brøytta om vinteren til ca. 500 moh.
8. **Romsdalseggen.** Det tar 1 time og 45 min med bil til Åndalsnes, som er utgangspunkt for mange fine turar i området.
9. **Åmotan.** Fossane sitt rike. Etter 1 time og 15 min i bil, tar ein av på Gjøra mot Vangshaugen. Her møtest 7 elvevassdrag. Frå Jenstad er det turstiar til fleire flotte fossar.

GENERELT

Turforslag for alle årstider på

www.morotur.no

Visit Nordvest

www.visitnorthwest.no



6636 Angvik, Norge

Hotell: 71 29 13 00

Spa: 71 29 13 03

post@angvik-hotell.no

www.angvik-hotell.no

